



Skjelnes Entreprenør AS vart leigd inn for å utbetra skaden på kaianlegget på Eikelandet Brygge etter nyttårsstormen.

Kaianlegget på Eikelandet Brygge vart påført skade etter stormen nyttårsafta. Sterk vind frå nordvest mot utliggjarane og kaien gjorde at deler av den gamle muren vart riven ut og rasa ned i sjøen. Dermed var det fare for utvasking av massane under muren. Skaden er utbetra og kaien er forsterka med betongfundament. Skjelnes Entreprenør frå Seimsfoss stod for reparasjonen.

Flyteelementa i betong er mellom anna fundamentert i den gamle tørrmuren på det som i mange år var trelastlager på Eikelandet. Sterk vind og stor sjø gjorde at det vart store bevegelser som igjen førte til muren kom ut av posisjon i ei lengde på 6 - 7 meter. For å utbetra skaden og sikra fundamentet måtte ned under kaidekke med forskaling, jern og betong.

Ein av bebuarane på Eikelandet Brygge, Tore Nordahl Pedersen, er godt nøgd med Skjelnes Entreprenør og det arbeidet dei gjorde for å sikra og hindra at det ikkje huser også vart påført skade. Skjelnes er eit solid firma og kan syna til mange store oppdrag innan kai og grunnarbeid. Nordahl Pedersen er imponert over den kunnskapen og kompetansen arbeidarane hadde for kaiarbeid og arbeid i sjøen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Øystein Enæs



Betong frå Dimmelsvik Betong vart pumpa over husa og fram til skadeplassen.